Kulturkalenderen – Oktober 2011

surnadal kulturhus

**Salg av billettar i resepsjonen på kulturhuset.**
**Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00**
**Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08**
**Billettsalg på nett: www.surnadal-kulturhus.no**
**E-post: post@surnadal-kulturhus.no**



TEATRET VÅRT. "HELG"




OLE BRUMM




OSLO 31. AUG




VÅRSØG HOTELL
SURNADAL

www.varsog-hotell.no



# På Kino

## Aktuelle filmar i september




### KNERTEN I KNIPE

*Barnefilm 1 t. 12 min. Alle*

Tredje og siste filmen om Knerten og Lillebror. I "Knerten i knipe" møter du nokre skumle typar, ein forundringspakke og Lille-Knerten. Og som om ikkje det var nok forsvinn Knerten. Få med deg korleis det fantastiske eventyret sluttar! Alt har ein ende, men når noko er over er det som regel byrjinga på noko nytt. I den tredje filmen om Knerten har Knerten, Lillebror og familien hans flytta frå Gampetreff til Bessby, Knerten og Karoline blir foreldre og det er stor lykke.



### JOHNNY ENGLISH REBORN

*Komedie 1 t. 41 min. 11 år*

Rowan Atkinson er endeleg tilbake i rollen som den surrete etterretnings-agenten Johnny English. I sitt seinaste eventyr må den mest tvilsame spionen i Hennes Majestets Hemmelige Tjeneste stogge ei gruppe internasjonale leiemordarar før dei eliminerer ein statssjef og skapar globalt kaos. MI-7-toppagenten Johnny English har brukt dei siste åra i eksil i ein avsides-liggjande region i Asia, kor han har finpussa teknikkane sine.




### OSLO 31. AUGUST

*Drama 1 t. 34 min. 15 år*

Anders (Anders Danielsen Lie) er i ferd med å fullføre narkotikarehabilite-ringa si på landsbygda. Som ein del av programmet har han fått lov til å gi inn i byen for et jobbintervju. Han går rundt i byen og møter gamle kjente. Anders er smart, kjekk og frå ein god familie, men han er djupt heimsøkt av alle sjansane han har kasta bort, og av alle han har svike. Han er enno ung, men føler at livet på mange måtar er over. For resten av dagen og til langt på natt, vil spøkelser av tidlegare feil kjempe mot sjansen for kjærleik, eit nytt liv, og håpet om å sjå en framtid ved morgongry. Stort og kritikarrost norsk drama.




### POPPERS PINGVINER (NO. TALE)

*Barnefilm 1 t. 34 min. Alle*

I den herlege familiekomedien Poppers Pingviner møter vi Jim Carrey som den travle forretningsmannen Hr. Popper. Han arvar plutseleg seks pingvinar, og dei forvandlar den hypermoderne bustaden hans i New York til eit vinter-eventyrland og livet hans tek ei heilt ny vending. Poppers Pingviner vart filma i eit nedisa studio med levande pingvinar og er ei modernisering av den klassiske bokea Herr Poppers pingviner av Richard Atwater.




### BABYCALL

*Thriller 2 t. 01 min. 15 år*

Anna og hennar 8 år gamle sonen Anders er på flukt frå Anders sin voldelege far. Dei flytter til hemmeleg adresse i ei gigantisk bustadblokk. Anna er livredd for at eksmannen skal finne dei, og kjøper ein babycall for å passe på Anders medan han søv. Men merkelige lyder slår inn på babycallen frå andre stader i blokka. Anna høyrer det ho trur er mordet på eit barn. Samstundes har Anders fått ein mystisk, mørkhåra ven som kjem og går som han vil. Veit den nye venen noko om lydane i babycallen? Kvifor er det blod på teikninga til Anders? Er dei framleis i fare? Sterk norsk thriller med bl.a. Noomi Rapace og Kristoffer Joner.




### OLE BRUMM

*Barnefilm 1 t. 02 min. Alle*

No får vi endeleg møte igjen venene Tigergutt, Petter Sprett, Nasse Nøff, Ugla, Kengu, vesle Ru - og sist, men definitivt ikkje minst, Tussi, som har mista halen sin. "Har du nokon gong hatt ein sånn dag der alt går gale, Tussi?" spør Ole Brumm. Ugla sender heile gjengen på ei vill jakt for å redde Kristoffer Robin frå ein tenkt forbrytar. Det viser seg å bli ein veldig travel dag for ein bjørn som berre ga seg i veg for å finne litt honning. Inspirert av tre historier frå A. A. Milne sine bøker, får "Ole Brumm" i Disney sin klassiske, handteikna stil Norgespremiere på kino 21. oktober.



### DE TRE MUSKETERER (3D)

*Actioneventyr 1 t. 50 min. 11 år*

Storslått nyinnspeling i 3D av den verdskjente historia og klassiske boka av Alexandre Dumas. I rollene møter vi bl.a. Christopher Waltz, Orlando Bloom, Milla Jovovich og Mads Mikkelsen. Dei ein gong så kjente musketerane Athos, Porthos og Aramis har trekt seg tilbake og lever liva sine utanfor rampelyset. Men når den unge og eventyrlystne D'Artagnan kjem til Paris for å oppfylle draumen sin om å bli musketer blir dei dregne inn i det vanskelegaste oppdraget nokon gong – å hjelpe Frankrike med å unngå ein krig med England.

Kultur rabatt

# Aktivitetar

**24.9. – 9.10. NORDMØRSUTSTILLINGA 2011 – KUNSTSLEPP VED LAUVFALL.**

Surnadal Kunstforening inviterer til åpning av juryert utstilling i galleri Finstuå laurdag 24.9. kl 13.00. Utstillinga er åpen alle dagar i perioden 24.9. – 9.10.

Dette er niande gongen Surnadal Kunstforening arrangerer utstilling der kunstnarar er inviterte til å senda inn sine arbeider. Kunstnarane har all ein eller anna tilknitning til Møre og Romsdal. Nytt av året er at dette er eit samarbeid med Kristiansund Kunstforening, og etter at utstillinga har hengt to veker i Surnadal,
flyttast den til Kristiansund og skal hengja der i to veker.

Kunstforeninga ønsker alle velkomen til ei spanande utstilling!!

**15.10. FOLKEAKADEMIET**

Korus med "Johansen skifter genser".
Kammerset – ei musikalsk reise til hjerte og sjel.

**18.10. TEATRET VÅRT. "HELG"**

For første gong samarbeider dei tre store teatra i Midt-Noreg om ei framsyning som skal turnere i dei tre fylka. Nord-Trøndelag Teater, Teatret Vårt i Molde og Trøndelag Teater er stolte over å presentere ein norsk urpremiere på eit stykke som forankrar seg i kystfolket og utfordringane deira. Etter premiera og speleperioden på Trøndelag Teater skal framsyninga vidare til Teatret Vårt og Nord-Trøndelag Teater.
Torvald Sund sitt nye stykke er eit familiedrama kor mange vil kjenne att seg sjølv eller sine. Med røter i trøndersk forteljartradisjon, er dette ei historie om vilkåra for folk på kysten, om naturkreftene og ei tid med store omveltingar.

Handlinga tek til i ytre Trondheimsfjord. Gjennom fleire hundre år har sildefisket skapt stor vekst og velstand. Dette året blir silda borte. Det er vårjevndøger i ei tettfolka bygd i Stjørna. I mangel av fangst får basen Bjørn på sildesnurparen Stjørnfjell ei uventa frihelg heime. Der venter kona, Margit og sonen Benjamin. På eit knapt helgedøgn vendast livet i denne familien opp ned. Fortid, notid og framtid snurpar seg saman til ein farleg malstraum som dei vert tvungne inn, og trekte ned i.

Regi: Liv Hege Nylund – Medvirkende: Wenche Strømdahl og Hallbjørn Rønning
Musikk: Henning Sommerro

**20.10. TORSDAGSTREFF**

Kulturhuset i samarbeid med tre ildsjeler vil prøve å dra i gang noko nytt på kulturhuset. Dette blir arrangementer for dei som har anledning til å koma hit midt på dagen. Vi vil satsa på lett underhaldning av lokale krefter, det kan væra sang og musikk, foredrag, bilde og film. På første treffet kjem Eistein Bæverfjord for å visa den rykande ferske filmen om Finnguten!! Om dette blir ein suksess, tek vi sikte på å få til dette ein torsdag i kvar månad. Det blir servert kaffe og noko å bita i.

**22.10. RIVERDANCE. MAGIC OF THE DANCE.**
**EN DANSEFORESTILLING DEMONER OG KJÆRLIGHET**

"Magic Of the Dance som består av 18 dansere og som er en ekte Riverdance-forestilling, omhandler en kjærlighetshistorie mellom to irske ungdommer, som p.g.a. krig og fattigdom må flytte fra Irland til Amerika på tyve-tallet, hvor de blir adskilt. Her får vi den nydelige og aldri kjedelige "love-storyèn", hvor de to elskende kjemper for igjen å forenes, kampen mellom det onde og det gode, og endelig den store gjenforeningen. Alt fremstilt i et spektakulært danseshow du aldri har sett maken til. Dette overgår alt som før har vært vist innen dans!

Toppdanser og koreograf er John Carey, som allerede som 7 åring begynte å ta timer i irsk dans. Bare to år senere vant han sin første store dansekonkurranse, og har siden vært World Champion åtte ganger. I "Magic of the dance" sprenger han alle grenser for hva som går an å få til i en ekte Riverdance tradisjon."


BIBLIOTEKET

| Opningstider: | Måndag og Onsdag | 11.00 – 19.00 |
| --- | --- | --- |
| | Tysdag og Torsdag | 11.00 – 16.00 |
| | Fredag | 11.00 – 15.00 |
| | Laurdag | 11.00 – 14.00 |

Heimeside: http://www.surnadal-folkebibliotek.no
Tlf. 71 65 93 01 • Fax. 71 65 93 02
E-post: biblioteket@surnadal.kommune.no

Todalen filial: Torsdag 18.00 – 20.00

VÅRSØG HOTELL

# JULEBORD PÅ VÅRSØG HOTELL

Fredag: 25/11, 2/12, 9/12 og 16/12
Laurdag: 19/11, 26/11, 3/12, 10/12 og 17/12

*Kjempetriveleg dansemusikk i Den Glade Laks!*

## JULEBORD

inkl aperitiff, levande musikk og dans

kr 625,-

## FØRJULSPRIS

Dobbeltrom inkl frokostbuffet

gjeld per natt, i samband med julebord

kr 975,-



+47 71 65 71 00   www.varsog-hotell.no   post@varsog-hotell.no

# SIKKERHET OG SKADEFOREBYGGING

Vi ønsker at din hverdag skal bli tryggere. For å hjelpe deg, gir vi tilskudd for å komme i gang med skadeforebygging.

| | |
|---|---|
| El.sjekk bolig privat/landbruk | kr 1.500 |
| Overspenningsvern i sikringsskap | kr 1.500 |
| Vannstoppventil | kr 1.500 |
| Brannslukningsapparat | kr 200 |
| El.sjekk næringsliv, 50 % av kostnadene, maks | kr 7.500 |

I tillegg oppnår du rabatter på bygningsforsikringene dine. Ta kontakt med oss så skal vi hjelpe deg videre.

GJENSIDIGE Surnadal

Besøk oss i AMFI Surnadal
Tlf 03100
surnadal@gjensidige.no
www.surnadal-gjensidige.no

| Veke | Dag | Dato | Kl | Forestilling | Sal | Alder | Tid | Dette skal eg på (Set X) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Veke 39 | **tom** | **9** | | **Nordmørsutstillinga 2011 – kunstslepp ved laufall** | **Finstuå** | | | |
| | Søn | 2 | 18.00 | Knerten i knipe | Kammerset | Alle | 1.12 | |
| | Søn | 2 | 20.30 | Johnny English Reborn | Kammerset | 11 | 1.42 | |
| Veke 40 | Ons | 5 | 18.00 | Knerten i knipe | Kammerset | Alle | 1.12 | |
| | Ons | 5 | 20.30 | Johnny English Reborn | Kammerset | 11 | 1.42 | |
| | Fre | 2 | 18.00 | Johnny English Reborn | Kammerset | 11 | 1.42 | |
| | Fre | 7 | 20.30 | Oslo 31. august | Kammerset | 15 | 1.34 | |
| | Søn | 9 | 18.00 | Johnny English Reborn | Kammerset | 11 | 1.42 | |
| | Søn | 9 | 20.30 | Oslo 31. august | Kammerset | 15 | 1.34 | |
| Veke 41 | Ons | 12 | 18.00 | Johnny English Reborn | Kammerset | 11 | 1.42 | |
| | Ons | 12 | 20.30 | Oslo 31. august | Kammerset | 15 | 1.34 | |
| | Fre | 14 | 18.00 | Poppers pingviner (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.34 | |
| | Fre | 14 | 20.30 | Babycall | Kammerset | 15 | 1.36 | |
| | Laur | 15 | | NBU Høstarrangement – *Hele dagen* | Torget | | | |
| | **Laur** | **15** | **10.00** | **"Johansen skifter genser" – Folkeakademiet** | **Kammerset** | **Alle** | | |
| | Søn | 16 | 18.00 | Poppers pingviner (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.34 | |
| | Søn | 16 | 20.30 | Babycall | Kammerset | 15 | 1.36 | |
| Veke 42 | **Tir** | **18** | **20.00** | **"Helg" – Teatret Vårt/Trøndelag Teater/** | | | | |
| | | | | **Nord-Trøndelag Teater** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Ons | 19 | 18.00 | Poppers pingviner (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.34 | |
| | Ons | 19 | 20.30 | Babycall | Kammerset | 15 | 1.36 | |
| | Tors | 20 | 13.30 | Torsdagstreff (*Kammerset/Foajeen*) | Kammerset | Alle | | |
| | Fre | 21 | 18.00 | Ole Brumm (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.00 | |
| | Fre | 21 | 20.30 | De tre musketerer (3D) | Kammerset | 11 | 1.50 | |
| | **Laur** | **22** | **19.30** | **Riverdance – Magic of the Dance** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Søn | 23 | 18.00 | Ole Brumm (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.00 | |
| | Søn | 23 | 20.30 | De tre musketerer (3D) | Kammerset | 11 | 1.50 | |
| Veke 43 | Ons | 26 | 18.00 | Ole Brumm (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.00 | |
| | Ons | 26 | 20.30 | De tre musketerer (3D) | Kammerset | 11 | 1.50 | |
| | Fre | 28 | 18.00 | Ole Brumm (no. tale) | Kammerset | Alle | 1.00 | |
| | Fre | 28 | 20.30 | (blir annonsert seinare) | Kammerset | | | |

# Ut ein tur?



**Horisonten Restaurant**
Hausten er kommet, og byr på flotte råvarar.
Vi har bytta meny i restauranten, og anbefaler eit besøk!

**Vår a la carte servering er;**
Mandag – torsdag: 18.00 – 22.00
Lørdag: 18.00 – 22.00
Søndag: 15.00 – 20.00

Vi skreddersyr og etter ønske, ta kontakt dersom du ønsker eit uforpliktande tilbod!

Velkommen til ein trivele haustkveld i Horisonten Restaurant!

## Musters Pub:

Våre åpningstider er blitt forandra, og vi har laga nokon begrep som vi ønsker å dele med deg!

**Torsdag**
"Herleg torsdag!" 19.00 – 24.00
**Fredag**
"Afterwork" 16.00 – 02.00
**Laurdag**
"Laurdagskos!" 13.00 – 02.00

Kjøkkenet stenger kl 22.00

**Dette skjer ellers:**
28. oktober "En reise i øl" – foredrag og smaking i Musters med Torkjell Berulfsen
29. oktober "Brennevin er sundt" – foredrag og smaking i Horisonten Restaurant med Torkjell Berulfsen.

Følg med på våre heimesider for meir informasjon, og følg oss på facebook for daglege oppdateringar.

# Faste arrangementer

**Seniordansen;**
**kvar tirsdag , 11.00 – 13.00**
**Tordenskjold Songlag;**
**kvar onsdag, 19.00 – 23.00**
**Eldre hjelper eldre;**
**kvar fredag, 11.00 – 13.00**

# Mykje å gle seg til

12.11. "Blindpassasjer". Teatret Vårt.
15.11. Pippi feirer jul. Teater for barn.
18.11.–4.12. "Haustlys" Kunstutstilling.
19.11. Huldredans.
26.11. Brazz Brothers og Møremusikarane.
4.12. To tenorer og Vox.
6.12.–13.12. Kunstutstilling med kulturskolen.
6.12. Julekonsert med kulturskolen.
10.12. "Nøtteknekkeren". Samarbeide mellom Operaen i Kristiansund, Kulturskolen på Indre Nordmøre og Surnadal kulturhus.

**Billettbestilling kulturhuset 71 65 71 08 / 71 65 71 00 / www.surnadal-kulturhus.no** | **Bordbestilling hotellet 71 65 71 00**